

# NORSK SPRÅKRÅD

Kultur- og kyrkjedepartementet  
Kulturavdelinga, seksjon KU3  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

REF.

VÅR REF.  
200500043-2 ER

DATO  
31.1.2005

## Normeringsvedtak i Norsk språkråd i 2004

I brev av 22.12.04 bad departementet om at rettskrivingsvedtaka i 2004, som seksjonsleiarane i Norsk språkråd etter § 6 i vedtektene kunne behandla, også vart behandla av interimsstyret. Dette vart gjort på styremøtet 25. januar. Då slutta styret seg til vedtaka frå rådsleiarane, og normeringsvedtaka i 2004 blir med dette sende over til departementet.

Endringar av tidlegare vedtak krev godkjenning av departementet, og dei er vedlagde her som "A Endring av tidlegare normering". Etter tidlegare vedtekter treng ikkje normering av ord som ikkje har vore normerte før, godkjennast, men me legg også dei ved her som "B Ny normering".

Dersom departementet hadde høve til å behandla desse normeringsendringane raskt, ville me kunna få dei inn i den siste årsmeldinga for Norsk språkråd for 2004.

Med venleg helsing

Tove Kristin Karlsen (sign.)  
styreleiar

Sylfest Lomheim  
direktør

Vedlegg:

- Rettskrivingsvedtak i 2004 i Norsk språkråd
  - A Endring av tidlegare normering
  - B Ny normering

## Rettskrivingsvedtak i 2004 i Norsk språkråd

### A Endring av tidlegare normering

#### Vedtak om endring i tidlegare normerte ord

(Der det er skilnad mellom bokmål og nynorsk, står nynorsk føre skråstreken)

*dart* -en (før: darts)

*diminutiv*: genus blir endra frå *-et* til valfritt *-en* eller *-et*

*gerundiv*: genus blir endra frå *-et* til *-en*

*gebursdag* (bokmål, før: geburtsdag)

Grunngjeving: *Gebursdag* er mykje brukt. Kortforma *bursdag* og nynorsk *gebursdag* tilseier og *gebursdag*.

*Korsika* (før: Corsica)

Avleiingane *korsikanar/-er* og *korsikansk* blir dermed eineformer (før: valfri skrivemåte med *c*-ar eller *k*-ar)

Grunngjeving: Skrivemåten med *K* er tradisjonell i norsk og dominerer i norsk skrivepraksis.

*lege-* el. *lækje-* (nynorsk): full valfridom i alle samansetjingar (før: valfridom i nokre sms., *lækje-* som eineform i andre)

*laupe-* el. *løpe-* (nynorsk): full valfridom i alle samansetjingar (før: valfridom i nokre sms., *laupe-* som eineform i andre)

Grunngjeving: Opptak av desse formene i rettskrivinga (medan ein held på verba *lækje* og *laupe* som eineformer) byggjer på utstrakt faktisk språkbruk. Å ta inn visse former som substantiv og/eller i samansetjingar vil ikkje seie at dei same formene må godtakast som verb. Tidlegare er t.d. *spise-* godteke i nokre sms., men ikkje som verb ved sida av *ete*.

*samoansk* (språknamn og adjektiv, før: samoisk)

*solar plexus* skal skrivast i to ord og med *x*:

*solar plexus*, *solar plexusen*, *solar plexusar/-er*, *solar plexusane/-ene*  
(før: uklår normering)

Grunngjeving: Uttalen tilseier ein skrivemåte med to ord.

*takeoff*, -en, -ar/-er, -ane/-ene (før: take-off; jamfør punkt 1 under *Generelle vedtak*)

# Rettskrivingsvedtak i 2004 i Norsk språkråd

## B Ny normering

(Der det er skilnad mellom bokmål og nynorsk, står nynorsk føre skråstreken.)

### I Generelle vedtak

**1** Importord frå engelsk med bindestrek og strukturen infinitiv + partikkel skal på norsk skrivast utan bindestrek (døme *situp*) med unntak for ord med partikkelen *in*, der ein skal halde på bindestreken.

Grunngjeving for unntaket: Partikkelen *in* fører ofte til den uheldige bokstavkombinasjonen *ei*, som kan forvekslast med den norske diftongen *ei*, jf. *drivein* mot *drive-in*.

**2** Mellom sitatteikn skal der ikkje stå andre teikn enn dei som høyrer til i den siterte teksta.

**3** Ved fastsetjing av skrivemåtar for utalandske geografiske namn baserer ein seg i hovudsak på endonymiprinsippet, dvs. at ein rettar seg etter den offisielle skrivemåten i det landet det gjeld. Ein kan vike av frå dette prinsippet der bokstaveringa kan skape problem for den norske lesemåten, og der tradisjonelle norske namneformer er i bruk.

### II Enkeltord

#### Vedtak om tidlegare unormerte ord

*arké*, -en, -ar/-er, -ane/-ene (type mikroorganisme)

*burka*, -en (klesplagg)

*hidsjab* el. *hijab*, -en (hovudplagg)

*kipa*, -en (hovudplagg)

*purda*, -en (slør)

*tsjador*, -en (klesplagg)

*KOLS* el. *kols* (kronisk obstruktiv lungesjukdom)

*lao* el. *laotisk* (namn på hovudspråket i Laos)

Grunngjeving: Begge formene er i bruk.

*pushup*, -en, -ar/-er, -ane/-ene

*situp*, -en, -ar/-er, -ane/-ene

*standup*, -er, -ar/-er, -ane/-ene

*stayups*, -ane/-ene

*taking* / *tagning* el. *takning* (opptak av filmsener o.l.)

*tongansk* (språknamn og adjektiv; før: ikkje normert som språknamn)

### **Norske namn på nokre territorium:**

*United States Minor Outlying Islands* får som norsk namn *USAs ytre småøyar* / *USAs ytre småøyer* (Territoriet femnar om fleire småøyar i Stillehavet pluss den vesle øya Navassa i Karibia.)

*Terres australes et antartiques françaises* får som norsk namn *Dei franske sørterritoria* / *De franske sørterritorier* (Territoria femnar om småøyar sør i Indiahavet pluss området Adélie i Antarktis.)

*British Indian Ocean Territory* får som norsk namn *Det britiske territoriet i Indiahavet* / *Det britiske territorium i Indiahavet* (Territoriet femnar om Chagosøyane (med Diego Garcia) sør for Maldivane.)

Grunngjeving for bokmålsformene *De franske sørterritorier* og *Det britiske territorium i Indiahavet*: Som hovudregel skal geografiske namn av typen *Den/Det/De + adjektiv + substantiv* ha substantivet i ubunden form.

### **Vedtak om status quo**

Ordformene *skinne, lega, svømme, drønna, dønna* (alternativ til *skjene, lækja, symja, drynja, dynja*) blir ikkje tekne inn i nynorskrettskrivinga.

*Romarriket/Romerriket* skal skrivast med stor *R*.

*Shkodër* (by i Albania; stavemåten står ved lag.)

*Skutarisjøen* (innsjø på grensa mellom Albania og Montenegro; stavemåten står ved lag.)

*drive-in, sit-in, stand-in, teach-in* blir ståande uendra (jamfør punkt 1 under *Generelle vedtak*.)

### III Transkripsjon av ikkje-russisk kyrillisk

Norsk språkråd tilrår at dei retningslinene som følgjer nedafør, blir brukte ved transkripsjon av namn (personnamn og stadnamn) frå bulgarsk, kviterussisk, makedonsk og ukrainsk.

#### BULGARSK

Alfabet og transkripsjonar:

А а	gjev	a	
Б б		b	
В в		v	
Г г		g	
Д д		d	
Е е		e	
Ж ж		zj	
З з		z	
И и		i	
Й й		j	
К к		k	
Л л		l	
М м		m	
Н н		n	
О о		o	
П п		p	
Р р		r	
С с		s	
Т т		t	
У у		u	
Ф ф		f	
Х х		kh	
Ц ц		ts	
Ч ч		tsj	
Ш ш		sj	
Щ щ	<i>sjt</i>		motfør <i>sjtsj</i> for russisk
Ъ ъ	<i>ǎ</i>		
Ь ь	<i>j/i</i>		<i>j</i> ordinært, men <i>i</i> etter z (< з), s (< с) og ts (< ц); jf. russisk
Ю ю	ju/iu		tilsvarande fordeling
Я я	ja/ia		tilsvarande fordeling

#### KVITERUSSISK

Alfabet og transkripsjonar:

А а	gjev	a
-----	------	---

Б б	b	
В в	v	
Г г	h	motfør g for russisk
Ґ ґ (ikkje i ru.)	g	
Д д	d	
Дж дж	dzj	
Дз дз	dz	
Е е	je (ie)*	
Ё ё	jo (io)*	
Ж ж	zj	
З з	z	
І і	i	
Й й	j	
К к	k	
Л л	l	
Н н	n	
О о	o	
П п	p	
Р р	r	
С с	s	
Т т	t	
У у	u	
Ў ў (ikkje i ru.)	w	
Ф ф	f	
Х х	kh	
Ц ц	ts	
Ч ч	tsj	
Ш ш	sj	
Ы ы	y	
Ь ь	blir ikkje transkribert	
Э э	e	
Ю ю	ju (iu)*	
Я я	ja (ia)*	

\*Е, Ё, Ю og Я blir transkriberte til ie, io, iu og ia etter z, s, ts og dz.

## MAKEDONSK

Alfabet og transkripsjonar:

А а	gjev	a
Б б		b
В в		v
Г г		g
Д д		d
Ѓ ѓ (ikkje i ru.)		gj
Е е		e
Ж ж		zj

З з		z
С с	(ikkje i ru.)	dz
И и		i
Ј ј	(ikkje i ru.)	j
К к		k
Л л		l
Љ љ	(ikkje i ru.)	lj
М м		m
Н н		n
Њ њ	(ikkje i ru.)	nj
О о		o
П п		p
Р р		r
С с		s
Т т		t
Ќ ќ	(ikkje i ru.)	kj
У у		u
Ф ф		f
Х х		h (som serbisk)
Ц ц		ts
Ч ч		tsj
џ	(ikkje i ru.)	dzj
Ш ш		sj
'		blir ikkje transkribert

## UKRAINSK

Alfabet og transkripsjonar:

А а	gjev	a	
Б б		b	
В в		v	
Г г		h	til skilnad frå g for ru.: сніг > snih 'snø, ru. снег > sneg
Ґ ґ	(ikkje i ru.)	g	ґава > gava 'kråke'
Д д		d	
Е е		e	
Є є	(ikkje i ru.)	je	Євген > Jevhen, jf. ru. Евгений > Jevgenij
Ж ж		zj	
З з		z	
и		y	til skilnad frå i for russisk
І і	(ikkje i ru.)	i	
Ї ї	(ikkje i ru.)	ji	
Й й		j	
К к		k	
Л л		l	
М м		m	
Н н		n	

О о	o
П п	p
Р р	r
С с	s
Т т	t
У у	u
Ф ф	f
Х х	kh
Ц ц	ts
Ч ч	tsj
Ш ш	sj
Щ щ	sjtsj
ь	blir ikkje transkribert
ьо	jo
Ю ю	ju
Я я	ja
'	blir ikkje transkribert